



Villanger & Sønner AS
Kvassnesvegen 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7775 - 16/20342

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
25.07.2016

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 134/449 Hilland

Viser til søknad om mellombels bruksløyve motteken den 30.06.2016 og telefonsamtale med Rune Kristoffersen i dag den 25.07.2016.

Vi ber om orsak for sein tilbakemelding.

Vi opplyste at vi hadde vore på synfaring på eigedomen i dag, og har oppdaga andre avvik enn det som kjem fram i søknaden. Vi har eit ynskje om å kunne fatte eit positivt vedtak i saka, men etter ein fullstendig gjennomgang av søknaden har vi konkludert med at premissa for å fatte vedtak om mellombels bruksløyve ikkje er på plass.

I løyve av 10.04.2015 er det sett vilkår for mellombelse bruksløyve:

- «Tilfredsstillande siktsoner i avkjørsla til privat veg må dokumenterast ved innteikning på situasjonskart seinast ved søknad om mellombes bruksløyve/ferdigattest. I siktsona skal det ikkje vert sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over vegnivå.».
- «Det skal seinast ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest dokumenterast ved innteikning på situasjonskart at» «avstand mellom balkong på fasade mot vest og grenselinja er minimum 4 m».

Vi kan ikkje sjå at vilkåra er stetta. Vidare går det fram av søknaden at det er berre forstøtningsmur som gjenstår mot ferdigattest, og at tiltaket har pr i dag «tilstrekkelig sikkerhetsnivå til å tas i bruk».

Etter kommunens vurdering er ikkje eigedomen tilstrekkeleg sikra og vi finn at utearealet framstår som uferdig; garasjen kan ikkje nyttast då det er lagra massar framfor denne. Avkøyrseplanen er ikkje anlagt eller definert. Vidare er det lagt trappetrinn opp til inngangsdør, noko som ikkje er i samsvar med innsendte teikningar.

Før vi kan ta stilling til søknaden må vilkåra i vedtaket knytt til mellombelsbruksløyve vere på plass. Vidare må det dokumenterast at eigedomen er tilstrekkeleg sikra og at avkøyrseplanen er ferdig anlagt.



Eventuelle andre tilhøve som også gjenstår må gå fram av søknaden. Det er uklart for oss om ein har teke omsyn til unntaksregelen i TEK §6-3 når det er oppgitt at avstanden frå eigedomsgrensa til altanen er på 3850mm.

Søknaden vil verte realitetshandsamst når overnemnde dokumentasjon er sendt inn.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nathalie Hayes og Kjetil Losnegård Elsåsvegen 30 5912 SEIM

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS Kvassnesvegen 45 5914 ISDALSTØ